

Møtereferat

Dato: 19.02.2018

Emne:	Møtereferat frå AU-møte 14.02.2018	
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar, Merethe Helland Nordnæs, møtesekretær	
Forfall:	Ingen	Sak: 2016/34506-10
Møtetid:	Kl. 08:30-10:30	Møtestad: Møterom Sunnhordland, 4 etg.

Møteleiar: Kjell Håland**Referent: Merethe Helland Nordnæs**

Agenda for møtet:

1. Agenda for møtet i RMNF den 21.03.2018
2. Planlegg faste møte med SKYSS
3. Forberedelse til temadag den 19.03.2018
4. Ymse

1. Agenda for møtet den 21.03.2018:

Kl. 09:05: Orientering, Regionreforma v/Thorbjørn Årethun frå Prosjektsekretariatet, ny fylkeskommune.
Kl. 09:35: Orientering frå SKYSS, ny sonestruktur. Faste møter med SKYSS.
Kl. 10:00: Brannøving
Kl. 10:30: Sakshandsaming
Kl. 12:00: Lunsj
Kl. 13:00: Sakshandsaming fram til møtet er ferdig.

Aktuelle saker:

- Oppsummering av temadagen 2018
- Årsmelding for RMNF 2017

2. Planlegg møte med Skyss:

Det vert planlagt faste møter med SKYSS.

Her kan ein mellom anna ta opp om det er spesielle tema som SKYSS ynskjer å orientere rådet om.

Det vert sendt spørsmål til SKYSS om dei kan halde ein orientering på neste møte i rådet, den 21.03.2018, angående den nye sonestrukturen som vert sett i verk frå den 01.07.2018.

3. Forberedelse til temadag 2017:

Invitasjonen er nå sendt ut. Konferansen er for dei kommunale råda. Det vart og bestemt at ein skulle invitere eit medlem frå FFO, Vibeke Magnus og eit medlem frå SAFO, Arvid Birkeland eller Evy Knutsen.

Merethe tar kontakt med Anita Woll, for eventuell endring av hennar innlegg. Kjell H tok kontakt med Langhaugen skole, angående eit kunstnarisk innslag på temadagen.

Det vart bestemt at innleiarane får ein termos med fylkesvåpenet som gåve. Merethe skriv ut program og tek med på konferansen og eventuelt årsmeldinga for RMNF 2017. Merethe tek kontakt med Ingeborg Hordvik, for om muleg at ho kan hjelpe til med registrering av delatakarar på temadagen.

Merethe tek ein oppsummering den 05.03.2018, og sender om naudsynt ut ein «reminder-mai».

Ymse:

AU-utvalet skal følgje med på sakslistene til dei tre fagutvala, for om mogeleg om der er aktuelle saker som kan meldast opp til møtet i RMNF den 21.03.2018.